

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Desember 2016

Innhald i dette nummeret:

Kort om skribentane i dette heftet	2
Leiaren har ordet	3
Dikt av Einar Økland: Olav H. Hauge	4
Amboltprisen til Klaus Anders	5
Amboltprisen 2016	6
Haugedikt på tysk	7
Sjelefred	8
Ein diktar med vengefang	11
Kva skal me med poesi?	16
Den gongen frukttrea hadde sjel	19
Olav H. Hauge og Valen	20
Det er den draumen. Av Idar Stegane	25
Dagbokstat	25
Poesifestivalen 2016	28
Haugesenteret	28
Sentralbanksjefens tale	29
Årsmøtet i venelaget	30
Styret og kontaktadresser	32



KORT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET

Magne Velure, fødd i 1946 på Lofthus i Ullensvang. No bur han på Lillehammer. Mag. art. i folkloristikk ved Universitetet i Bergen. I perioden 1972–1993 arbeidde han ved fleire museum. I åra 1994–2015 arbeidde han i Kulturdepartementet, med unntak av to år ved Høgskolen i Lillehammer.

Willy Dahl, fødd i 1927 i Bergen. Mag. art. 1955. Lektor v. Bergen Katedralskole 1958–1965. Universitetslektor, seinare førsteamanuensis v. Nordisk inst. Universitetet i Oslo, 1965–1976. Professor v. Universitetet i Trondheim 1977–1981, v. Universitetet i Bergen 1981–1992.

Idar Stegane, f. 1940 er professor emeritus i nordisk litteratur frå Universitetet i Bergen. Han har vore oppteken av Hauge sidan studietida. Han tok magistergraden om dikta til Hauge i 1971, Olav H. Huges diktning. Stegane har arbeidd vidare med Hauge sine tekstar. Av dagboka til Olav H. Hauge går det fram at han sette Stegane svært høgt, både som ven og fagmann.

Bjarte Birkeland (26. desember 1920–7. april 2000) var litteraturforskar og professor i nordisk litteratur ved Universitetet i Bergen 1969–1984. Han var redaktør i Syn og Segn frå 1960–1968.

Sjur Tjelmeland, f. 1949. Bur på Valen i Sunnhordland. Pensjonert redaktør og journalist. Har skriva ein rad bøker om næringsliv, sjøfart og Valen Sjukehus m.m.

Medlemspengar

Medlemspengane i Venelaget Olav H. Hauge er framleis berre 250 kroner for eit år. Vi oppmodar medlemene om å betala medlemspengane så snart de har høve til det.

Innbetaling til konto 3450 30 01960 Venelaget Olav H. Hauge
v/ kasserar Anders Oppheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

NB: Skriv tydeleg namn og adresse på avsendaren! Vi vil svært gjerne ha epost-adressa di!

Laget sparar ein god del pengar dersom medlemspengane kjem inn
utan at det vert sendt giro til kvar einskild medlem.

Vi vil gjerne ha fleire medlemer i Venelaget.

VERV EIN VEN!

Takk for hjelpa!

LEIAREN HAR ORDET



Olav Ljones vart vald til styreleiar i venelaget på årsmøtet i september. (Foto: Steinar Berge)

Året 2016 har vore eit godt Olav H. Hauge-år. NRK arrangerte som sikkert mange veit, ei avrøysting om det beste diktet. Det var to dikt av Olav H. Hauge i finalerøystinga, og «*Det er den draumen*» fekk flest røyster.

No er det slik at ikkje alle er samde med NRK-kåringa. Nokon kan meina at andre av Hagues dikt er betre enn «*Det er den draumen*», og nokon vil ha dikt frå andre diktarar som sine favorittar. Det er heller ikkje lett å finne støtte for at Olav H. Hauge sjølv ville ha funne slike avrøystingar som den beste måten å nærma seg poesi på. Uansett slike diskusjonar, må ein ha lov til å gleder seg over at ein gartnar og poet frå Ulvik ikkje er gløymd.

Det er og grunn til å nemna at Poesifestivalen 2016 som vanleg var vellukka med ei fin blanding av lyrikk og andre kunstnarlege prestasjonar. Andre forfattarar slepp til i beste Hauge-ånd, men det er og plass til å taka vare på dikta og forfattarskapen til Olav H. Hauge.

Forfattarskapen til Hauge er ikkje berre

kjend i Noreg, men spreier seg framleis utanlands. Årets Ambolt-prisvinnar, Klaus Anders, har medverka til dette gjennom omsetjingar til tysk. Storavisa Frankfurter Allgemeine har hatt ein artikkel om dette og drøftar relasjonen mellom Hauge og Knausgaard.

Frå debuten i 1946 til i dag er det sjølve lyrikken til Olav som har gjort han kjend og elska. Det er òg andre hendingar som har medverka til å spreia interessa. I 1966 – for 50 år sidan – presenterte litteraturtidsskriftet *Profil*, utgitt på Universitetet i Oslo, eit nummer 4 med brei omtale av Olav H. Hauge og forfattarskapen hans.

Redaksjonen i *Profil* var Tor Obrestad, Espen Haavardsholm, Paal-Helge Haugen, Otto Homlung, Dag Solstad, Jan Erik Vold og Einar Økland.

I *Profil* er det trykt fire dikt (Sanningi, Automaten, Vakemann og Eit ord). Forfattaren Johan Tufteland har intervjuar Hauge, og Tor Obrestad har ein fyldig artikkel med analyse av diktinga. Einar Økland har òg skrivi eit dikt med tittel Olav H. Hauge. (sjå nedanfor).

Eg er ikkje tvil om at *Profil*-nummeret i 1966 på ein måte kom som eit tidsskifte i kunnskapen og interessa for Olav H. Hauge si dikting. Redaksjonen var samansett av dyktige og aktive litteraturpersonar og diktarar, og fleire av redaksjonen har ytt verdfulle bidrag til kunnskap om Hauge også seinare. *Profil*-krinsen hadde òg ei tydeleg politisk retning. Det er nok ting som tyder på at einskilde utanfor *Profil*-krinsen kan ha kopla Hauge til *Profil*-gruppa politiske retning. Når eg ser på utviklinga i Hauge-interessa, er det vidare klårt at dagbøkene, då dei kom i år 2000, opna for å sjå at Hauge hadde interesser og synspunkt som gjekk i mange retningar, også utover synet til *Profil*-krinsen. Dagbøkene hadde slik sett stor innverknad på at interessa for Hauge i dag er så brei.

Det er i år 100 år sidan forfattaren Tor Jonsson frå Lom vart fødd. Han var ein stor diktar som hadde det til felles med Hauge at han kom frå ei lita bygd. Forfattaranes haldning til heimbygda har vore omtala. Sjølv om det er likskap, er det òg stor skilnad i relasjonen til heimbygda mellom Hauge og Jonsson.

Det er rett at Hauge fleire stader har gitt inntrykk av at det ikkje var lett å vera gartnar i Ulvik og samstundes utvikla seg til poet av den kvalitet som han ønskte. Det er ikkje tvil om at Hauge stiller strenge krav til den som skal skriva lyrikk – dagbøkene er prov på det. Eg les Hauges ord som ei understreking av at den som skal vera poet, ikkje må vera sjølvtilfreds, men stilla strenge krav til seg sjølv om stendig å verta betre.

Det er ikkje lett å vera poet, men det å vera fruktdyrkar i Ulvik er heller ikkje den verste staden og det verste yrket for den som vil skriva dikt. Både naturen, bygdesamfunnet og gartnaryrket har inspirert Hauge. Ein skal ikkje gløyma at vener, ikkje minst blant Hjeltnes-elevane i bygda, var med og støtta forfattarskapen til Hauge. Frå 1941 (fem år

før debuten) til 2001 kom det kvart 10. år Hjeltnes-skrift med dikt av Hauge på prominent plass.

Framtida til venelaget og vegen vidare

På årsmøtet i venelaget drøfta ein framtida til venelaget og som del av dette, samarbeidet med Haugesenteret. Styret arbeider vidare med å skapa idear og planar for framtida. Lyrikken og minnet om Hauges dikting står sterkt, og dette er god motivasjon for å halda fram og vidareføra tradisjonane i venelaget. Mykje endrar seg, og nokre av oppgåvene for venelaget er vel tekne vare på av Haugesenteret. Stoff og synspunkt på Hauge og diktinga kan nå lesarane i fleire kanalar. Kjernen for venelaget er medlemsheftet på papir, men det vil òg vera viktig å nytta elektroniske og sosiale media som tillegg til medlemsheftet. Papir og porto er dyrt, og styret vil vidareutvikla tilboda til medlemene på best måte.

Olav Ljones

Leiar i Venelaget Olav H. Hauge

OLAV H. HAUGE

Var elden så nær yta?
Hang den blødande stjerna så lågt?
Kjølde du panna mot berget?

Ja. Du beit dagen i handa.
Svelgde stjerna.
Berget vart gloande.

Oss gav du augo som isbrear.
Oss gav du stikkande glør under neglene.

Dette diktet er skriva i 1965 og trykt i Profil 4 i 1966 og i antologien Gruppe 66 og i diktboka Mandragora. Det er og med i Einar Øklands artikkel i Tid å hausta inn, 31 forfattarar om Olav H. Hauge, Det Norske Samlaget 2008.

Einar Økland

AMBOLTPRISEN TIL KLAUS ANDERS, TYSK GJENDIKTAR



Klaus Anders, gartnar og poet.

Venelaget Olav H. Hauge deler ut Amboltprisen annakvart år. Prisen skal delast ut på Poesifestivalen i Ulvik. Vinnaren får ein ambolt støypt i metall og 10.000 kroner. Prisen skal gå til nokon som har arbeidd for Olav H. Hauge si dikting og gjort ho kjend.

Medlemene i venelaget kan koma med grunngjeve framlegg til vinnar. Ei nemnd på fire personar peikar ut vinnaren.

Den tyske dikteren og gjendiktaren Klaus Anders fekk Amboltprisen i år. Han har gjennom mange år gjort eit stort og grundig arbeid med å gjendikta alle Olav H. Hauge sine dikt til tysk, dessutan eit utval frå dagbøkene.

Amboltprisen vart delt ut på venelaget sitt arrangement i Elvatun laurdag ettermiddag i festivalhelga. Bodil Cappelen tok imot prisen på vegner av Anders, sidan han sjølv ikkje hadde høve til å koma til Ulvik denne helga.

Bodil Cappelen las òg takketalen frå Klaus Anders. Den lyder slik:

Kjære alle!

Mange takk for Amboltprisen! Å ta imot han er ei stor æra for meg.

Ein gong eg leita på nettet, trefte eg ved eit tilfelle på Olav H. Hauge.

Det var berre få dikt å lesa der – på engelsk og norsk, der fanst òg eit foto av Hauge, ein gamal mann med biske andletsdrag, i ein frukthage.

Eg vart fascinert med det same og ville lesa desse dikt på originalspråket.

Og så byrja eg å læra meg norsk, først bokmål, så nynorsk.

Å omsetja Olav H. Hauge var ei stor glede, stort strev stundom òg. Utan hjelp hadde eg ingen sjanse til å koma fram.

Først var det Steinar Berge, så Bodil Cappelen, mi kjære venninne i meir enn ti år, og så Idar Stegane som hjelpa meg mange gonger når eg var i knipe og inga ordbok kunne leie meg ut.

Tusen takk til dykk!

Det er mange fleire personar som har støtta meg: Asbjørn Aarnes, John Ole Askedal, Ronny Spaans, Gudmund Harildstad, Klaus Johan Myrvoll og ikkje minst Margitt Leibert, forleggjaren, Det Norske Samlaget, NORLA og fleire andre. Alle hjelpa meg generøst.

Diverre kunne eg ikkje koma til Ulvik og ta imot prisen, eg hadde alt sagt ja til å vera fadder for dotter til brorson min, Pauline Emilia, som blei døypt denne søndagen.

*Mange helsingar
Klaus*



Bodil Cappelen tok imot prisen på vegne av Klaus Anders. (Foto: Steinar Berge)

Juryen for Amboltprisen 2016 har, ut fra de mange forslagene til kandidat, delt de relevante kandidatene inn i tre kategorier:

1. Formidling ut i verda (kunstnarleg)
2. Akademisk profil/Hauge-forskning
3. Aktiv formidling/framføring

Juryen har til denne utdelingen prioritert formidlingen av Hauge ut i verda. Ut fra en håndfull svært sterke kandidater, ønsker juryen at Amboltprisen 2016 går

til Klaus Anders og hans mangeårige oversettingsbidrag, både av Huges samlede verk, *Gesammelte Gedichte 1924–1994*, Berlin: Edition Rugerup, fra 2012 på hele 328 sider, og dagbok-oversettelsen fra i fjor, på samme forlag, under tittelen, *Mein Leben war Traum. Aus den Tagebüchern 1924–1994*, på 248 sider. Sistnevnte oversettelse er et utvalg av Huges dagbøker, foretatt i samråd med Bodil Cappelen.

Klaus Anders, som selv er poet og gartner, kom først over noen engelske oversettelser av Hauge. Siden har han lært seg norsk, og har også oversatt andre norske lyrikere. Juryen legger vekt på både omfanget av Hauge-oversettelsene og den betydningen det er at Hauge, kanskje Norges fremste modernistiske dikter, blir kjent innenfor den tyskspråklige verden. Det er verdt å nevne at den unge Hauge var påvirket av tysk romantikk og at han også har vært opptatt av den senere tyske poetiske tradisjonen, slik at tyskspråklige lesere av den grunn vil ha særlige forutsetninger for å leve seg inn i Huges poesi.

Juryen for Amboltprisen 2016

Theresa Wallevik

Inger Lise Belsvik

Per Bjørnar Grande

Her er det vakre diktet Svevn på tysk:

SCHLAF

Laß uns gleiten in
den Schlaf, in den
stillen Traum
gleiten - zwei
Teigstücke in dem
guten Backofen,
genannt Nacht.
Und dann erwachen
am Morgen,
zwei goldene
Weizenbrote!

I originalversjonen ser det slik ut.
Vakkert og romantisk!

SVEVN

Lat oss glida inn
i svevnen, i den
logne draumen,
glida inn – tvo
deigemne i den
gode bakaromnen
som heiter natt.
Og so vakna
um morgonen
tvo gylne
kveitekakor!

HAUGEDIKT PÅ TYSK

Klaus Anders har omsett store delar av Olav H. Hauge si dikting til tysk. Her er tre døme.

SIEBEN WINDE

Sieben Winde, sieben Winde
sangen die Läng.
Sieben Winden, sieben Winden
war der Himmel zu eng.

Sieben Winde, sieben Winde
in einer Hatz.
Das war ein Dolltanz,
ein Wirbelstratz!

Sieben Winde, sieben Winde
gingen beiseit.
Und alle Winde
schlafen Heut.

LOHE

Sie ist bös
heut, die Lohe, und faucht,
wirft den Schweif,
sie wirft
flammenlang Haar,
daß es schmaucht
und frißt sich ins Gras
so bös wie ein Bock.
Ich trample und schlag mit dem Stock
und lösche Zweig und Ast,
dreh ich mich,
traut sie sich.

SJU VINDAR


Sju vindar, sju vindar
sulla og song.
Sju vindar, sju vindar
Fann himmelen trong.

Sju vindar, sju vindar
møttest i kast.
Då vart det runddans,
då rauk det kvast!

Sju vindar, sju vindar
skilde lag.
Og alle vindar
søv i dag.

LOGEN

Han er sint
i dag, logen, og strid,
han slær sveip
han slær
eldtungut hår
so det svid
og høgg tak i gras
so sint som ein turk.
Eg trampar og slær med ein lurk
og sløkkjer kvister og kvas,
snur eg meg,
trur han seg.



Willy Dahl

I den femte utgåva av Olav H. Hauges *Dikt i samling* (1993) er det 430 dikt. Dersom du les eitt dikt kvar dag, tek det deg eit år og 65 dagar å koma frå «I dag og i morgon» til «Bladi losnar». Så kan du ta til med det første igjen.

Det er nett dette eg har gjort dei siste om lag tjue åra (eg har ikkje notert meg startåret). Boka ligg alltid på nattbordet, og det siste eg gjer før svevnen, er å lesa eitt dikt, i streng rekkefylgje, og berre eitt, helst utan å sjå på tittelen til det neste. På den måten har eg vore gjennom boka minst femten gonger. Eg reknar då ikkje med dei gongene eg har skrive om einskilde dikt i ymse samanhengar.

Eit år og 65 dagar – det er nok til at eg alltid finn noko nytt, noko eg har oversett. Teksten er alltid den same, men dét er korkje eg eller verda rundt meg. Så er det då å ta diktet inn i seg att, grunda på forma, kva ho seier, på orda, på heilskapen, på «meininga» - kva diktaren vil ha sagt meg. Kanskje rekk eg ikkje å tenkja alt til endes, men kva gjer det? Eg sovnar.

Dette er reine mentalhygienen, skjønar du. Heilen vert reinska for alt det som måtte gnaga eller tyngja – også ein utgamal pensjonist i sutalause kår kan ha sitt å baksa med i tankane. Eg sovnar i fred.

Nett no, når eg skriv dette, har eg i vending 15 eller 20, kven veit, kome fram til dei stutte dikta eit stykke uti *Dropar i austavind*. Dei er ned til berre fire liner, enkle, daglegdagse, så enkle at ein stundom kan undrast: Står det eigenleg noko meir enn det som står der?

Det er mogleg at eg lir av ein yrkessjukdom: eg skal støtt leita fram ei meaning bak orda, gje dei «større» perspektiv, finna symbol. Men eg får ta sjansen. Som med «Morgon ved fjorden», som eg las for nokre kveldar sidan:

Rutebåten bryt
svartstill sjø,
velter platejarn
mot grønt land.

Er dette noko meir enn eit bilete, eit slags minnefoto dei fleste av oss kan henta fram, i alle høve dei av oss som har opplevd rutebåtar i ein vestlandsfjord?

Svartstill sjø, grønt land. Stille, fredeleg natur. Så «bryt» rutebåten sjøen, baugen «velter platejarn» - sjå biletet av bølga, vi veit ho er av vatn, men det er berre i røynda, i diktet er ho jarn som nærmar seg det grønne landet: Eit industriprodukt på veg mot eit stykke natur.

Her stoggar det for meg. Står dette for noko «godt», plogen som skal velta opp furer i det grønne, skapa gror, mat for menneske, sivilisasjon? Eller er det motsett: Jarn = våpen, grønt land = fred?

Løysinga er vel at lesaren kan velja.

I dette diktet ser diktaren - og fortel kva det er han ser, utan å gje oss nokon nykel til kva han «eigenleg» meiner om det. Slik er det og med fleire dikt i denne bolken. Men dersom eg blar nokre månader attende, i

lesinga mi altså, møter eg i *På ørnetuva* ein annan diktar – ein som opnar diktet med å seia klart frå i første lina at no kjem det ei samanlikning; ”elvi” er som noko. Lesaren vert budd alt i tittelen og dei to første linene: ”Du” leitar som ”elvi i haustnæter”:

DU LEITAR

Som elvi i haustnæter
leitar i regnmyrke
skogar og mumlar
i skodde og regn
under grønskiml og tros
og solsvide bar, –
slik famlar ditt minne
i sine skuggesko
og leitar som elvi
ei haustnatt, til det finn att
halvgløynde far.

Det er ikkje vakkert, det landskapet elva leitar i: ”regnmyrke skogar”, ”skodde og regn”, grønskiml og tros” (noko morkent vedrask). Og slik er også ”ditt minne”.

I tre strofer held diktet fram med å skildre leitinga til elva, i negative, ufysne vendingar. Men subjektet i setningane er ikkje ”elvi” ; det er *det* – minnet ditt. Det ”idkar med å løyna glyvre og gløp”, det ”balar med stokklik”, det er ”hjelpelaust bunde”, det ”fell i gamle stup”, det ”vrid seg som elvi i heldjuv” og ”leitar og leitar mot gløymsledjup”. Menneskeleg-gjeringa (antropomorferinga, på fagspråket) er gjennomført.

Slikt vert det mindre og mindre av i dei siste to diktsamlingane til Hauge (eg reknar då ”Janglestrå” som eiga samling). I stutt-dikta der er det antropomorfe momentet ofte ikkje uttalt; du må sjølv tolka det fram av samanhengen. I slekt med dette er det at natur-substantiv ofte står åleine i denne siste delen av forfatterskapen: Fjell og fjord og skog og mark og apal og blome og vind og regn osv. får ikkje noko skildrande adjektiv som vedheng. Ein reservasjon her: Eg snakkar om tendensar, ikkje om

konsekvens. Du kan finna døme på det motsette i alle samlingane.

Det har ofte vorte sagt og skrive at *Dropar i austavind* (1966) var ”gjennombrotet” for Hauge. Det er ikkje rett; han fekk kritikarprisen alt i 1961 for *På ørnetuva*. Det som hende i 1966 var at Profil-krinsen fekk augo opp for han: Mange av dikta i *Dropar* – var skrivne på ein måte som var i slekt med deira litterære program, og dei var gode PR-folk. Nei, eg meiner ikkje at det var noko gale med det – men det kan diskuterast om det er rett å gjera utviklinga til eit kriterium for litterær *kvalitet*. For meg er den samlinga høgdepunktet i forfatterskapen fordi vi der møter *heile* Hauge – både han som diktar om spennet mellom det låge og det høge, og han som i ”Kvardag” konstaterer at ”det gjeng an å leva / i kvardagen òg”.

For meg er det til å leva med at nokre av dikta i *Spør vinden* løyser ut litt irritasjon: Det er noko innforstått i dei, du må vera filolog eller litteraturhistorikar for å få fullt utbytte. Veit *alle* lesarane når dei ser tittelen ”Kotkar og mandarin” at ”kotkar” har norrøn rot og tyder ”småkårsmann”? Tre av dikta har eit diktarnamn som tittel. I ”Georg Trakl” får du eit fjerde namn i andre lina: ”Verlaine”, og endå eit i sjuande lina: ”Hölderlin”. Sluttordet ”Kokain” hjelper deg på veg, men vi har ikkje alle mastergrad i litteraturkunnskap. Når du les ”William Blake” og ”Gamal tiger” bør du ha i minne det mest siterte diktet til William Blake, det som opnar med linene ”Tyger! Tyger! burning bright / In the forests of the night [...]”. ”Gérard de Nerval” er på sju liner:

Ein utbrend
kropp, kan han ikkje
dingla i ein lyktestolpe?

Att er
ljuset frå dei trugne augo
og røysti frå eit hjarta
som har sove sin diamantsvevn.

Opp med leksikonet: Gérard de Nerval hengde seg på open gate etter mange år med mentale forstyrningar og ei ulukkeleg kjærleikshistorie.

Meg hender det, når eg les dikt eg ikkje ”forstår”, at eg kjem i tvil: Det er meg det er noko i vegen med. Det er eit slik dikt i *Dropar* – også:

SKIN

Det glapp, skin,
eg er sæl eg slapp, skin,
å tala, skin.
Kva var det, skin?
Eg skaut or, skin,
eg hørde det
var ditt gull
som klang –
eg hadde det greidt, skin,
det klang ein stad, skin,
men det glapp, skin.
Natti veit
kva det var, skin,
men eg, skin,
fær aldri
vita det att, skin.

Det var ein trøyst å lesa i Hauge-biografien til Knut Olav Åmås at Bjarte Birkeland, ein kollega som eg sette og set høgt, hadde hatt det på same vis: I ei elles lysande konsulent-innstilling lista han opp nokre dikt han ikkje var heilt på bøljelengd med. ”Skin” var eit av dei: det ”får eg ikkje noko ut av. Det må ha ein eller annan spesiell bakgrunn som eg ikkje kan øygne, og lesarar flest vil venteleg vera i same situasjonen.” (Åmås: *Mitt liv var draum*, s. 329.)

Eg er altså ikkje den einaste dumskallen.

Men eg les ”Skin”, trufast, år etter år, og gruvlar på det. No kan turen koma til deg som les dette: Har du løysinga, så send ho til det neste nummeret av medlemsheftet ...

I mellomtida les eg trygt vidare i *Dikt i samling* som før, og tenkjer ikkje for mykje på dette med ”kvaliteten” i *Spør vinden* og ”Janglestrå”. Hauge sjølv var ikkje heilt

nøgd med dei. I dagboka skreiv han 22. mars 1986 (b. V, s. 270) dette:

”Ein engelsk kritikal segjer at dei seinare dikti mine er ikkje so gode som dei fyrste. Og det er eg samd i. Eg veit det sjølv at etter kvar[t] har det gjenge nedover, slikt er noko du kjenner.

Det er lenge sidan no. Men eg hugsar Dybvad sa til meg då *Spør vinden* kom, at samlingi var ikkje so god som dei fyrre, – han hadde det venteleg frå Skrede eller Dale. Og eg visste han hadde rett.”

Nåja, nedover og nedover; det er mange perler i dei siste to samlingane også, meir enn nok til at litteraturarven vår hadde vore fattigare utan dei.

Ja, eg les. Og får altså sjelefred kvar kveld på den måten. Det er ikkje slik at eg, nostalgisk, vert sett inn i ei anna verd – nei, det er røyndom, notid, alt saman, berre meir forklåra, for no å sitera Vinje. Men det er ikkje same freden kvar kveld. Det kjem av at Hauge-universet er så stort og samansett. Tak no berre formregisteret: Du kan høyra norrøn gjenklang i alliterasjon og versemål, du identifiserer ottava rima og den klassiske sonetten, du møter ein modernist som veit det som kan vitast om effektane i linjedeling. Eitt dikt kan krinsa om høge, eksistensielle problem, eit anna er fleipande sjølvironisk, eit er glede og eit er sorg. Og dei er aldri monotone.

Prøv sjølv å lesa deg til sjelefred på denne måten!

Willy Dahl

OLAV H. HAUGE – EIN DIKTAR MED VENGEFANG

Bjarte Birkeland skreiv denne artikkelen i Syn og Segn nr. 1 i 1962. Der tek han nokre spastikk i Hauges dikting til ei fyrste orientering.

Ein kan lure på kva som skal til for at ein diktar skal *slå gjennom*. Alt den gong Olav H. Hauge debuterte i 1948, var det iallfall nokre av kritikarane som skjønna at det budde noko stort i han. Ein av dei, Ragnvald Skrede, har jamvel fleire gonger slått særskilt til lyd for han. Men trass i at Hauge etter kvart har kome med fleire bøker som har fått endå betre mottaking, ser det ikkje ut til at han har nådd utanfor ein radt liten lesarkrins. Den lagnaden har Hauge fått dele med mange andre lyrikarar. Men han har ikkje «slått gjennom» hos dei som les lyrikk, heller. Det har eg lagt merke til gong etter gong i samtalar med lyrikkinteresserte folk, både målfolk og anna folk. Og kor ofte blir Hauge sitert av dei som skriv om lyrikk? Kor ofte blir namnet hans nemnt? Til denne tid nesten aldri. Det må hange saman med at dei som skriv, ikkje har kjent diktinga hans. Eller så har dei ikkje fått noko ut av henne.

Vonleg vil det bli eit vende no. Det kan iallfall ikkje bli mogleg å oversjå han lenger.

Noja, Hauge er ikkje den som bed om medgang. Ein får heller ein tanke om at han ser med mistru på den.

*Då du merka at dei tok til
å lyda på deg,
vart du stuss.*

Og det heiter i opningsstrofa til det same diktet, «Diamantberget»:

*Eitt veit du:
at dårskapen i verdi er berg av diamant
som trygt tolde dine horn,
og ingen gat
meir på kva*

*du sa, enn
på hunden
hinsides fjorden.*

Nei, Olav H. Hauge har visst ikkje lagt to pinnar i kross for å nå dei mange. Dei fleste som vil nå inn i denne diktinga, vil møte to hindringar. Den eine er målet. Somme har hevda at han skriv ein vanskeleg «dialekt». Han har òg skrive ei handfull dikt på målføre frå Ulvik i Hardanger, eit særmerkt vestlandsmålføre med eit rikt ordtilfang, eit sterkt og djervt mål. Men til vanleg skriv han nynorsk med berre få innslag av reine dialektformer. Likevel bruker han ikkje så få ord og vendingar som er etter måten lite kjende utanfor hans eige målføre, og viser suveren vanvørndnad for dei lesarane som ikkje vil ta umaken med å gjera seg heimekjende med målet hans. Sjølve målforma er «høgnorsk», med konservativ 1917-rettskriving. Samanlikna med Kristoffer Uppdal i seinare år og Hans Henrik Holm er det reine barnematen å lesa Olav H. Hauge.

Det kan sjølvsagt vera mange meiningar om det språklege instrumentet ein diktar skal bruke. Men det nyttar lite å setja krav til diktaren her. Om ein ikkje forstår seg på hardingfelemusikk, kan ein difor ikkje krevja at spelemannen skal gå over til å spela piano eller trompet. Ingen som les Hauge, kan vera i tvil om at dette er hans mål. Det finst ikkje unatur i det. Det har smaken av stein og jord og sevje. I den fyrste boka hans er det noko arvegods frå tidlegare nynorsk lyrikk, der ordet av og til står «for klangen si skuld», som han sa talaren, endå det er lite til ei debutbok å vera. I dei seinare bøkene hans er dette draget heilt borte. Målet hans er rotvakse, som diktinga hans er det. Og dette draget går saman med eit anna som er den andre vansken lesaren møter: Det finst

ingen ting som minner om vanleg stemningsskapande ordmåling eller utanpå-gild poesi, noko som alltid har sitt publikum, og som det er særleg lett for nynorske lyrikarar å ri fram på. Hos Hauge er diktet ofte så stramt spent at det står i fare for å sprenge. Her viste Hauge sin meisterskap alt i fyrste boka med diktet «Svarte krossar»:

*Svarte krossar
i kvite snjo
luter i regnet gruve.
hit kom dei døde yv'
klungermo
med krossar på herd
og sette dei frå seg
og gjekk til ro
under si klaka tuve.*

Knappare kan det ikkje gjerast. Det er dette draget Hauge reindyrkar i dei seinare samlingane sine. Finst det ein meir ordknapp diktar i norsk lyrikk? I dei to siste samlingane er det mange dikt som er på berre ei einaste strofe, men likevel rømer ei heil verd:

*Havet hiver myrkret.
Flota båt no?
Uråd.
Jau, just no.
Natti opnar seg, gjer rømd.
Himmelen set vegg i vest.
Månen kjem fram og lyser –
No skal det skje.*

Den som kjem til Hauges dikt med den von at den poetiske opplevinga skal vera ferdig tilbudd til lesaren, kjem fåfengt. Så å seia kvart dikt er ei utfordring frå dikteren, ikkje til å tyde gåter, men til å dikte *med*. I så måte er Hauge modernist som berre få andre i norsk lyrikk. Han kan seia som ein blid emmisær sa til meg nede på Sørlandet ein gong etter han til all ulykke hadde teke feil – eg *var* ikkje emmisær: Men du er vel med,

unge mann? Hopp ikkje av! Hopp ikkje av! Den som gjev seg i kast med Hauges diktning, får sanneleg ikkje hoppe av, men setja til for fulle segl.

Hauge høyrer heime i det *underdejlige* Hardanger, med snøbrear og eplehagar ved stavstill fjord, med stupbratte lier og dynjande fossar. Likevel har ikkje hans verd større likskap med romantikkens Hardanger og turist-Hardanger enn ein duvande kornåker med wienerbrød. Heimbygda er ikkje staffasje i diktinga hans. Diktaren gjer landskapet til sin eigedom og til eit bilete på sitt eige liv – og merkeleg nok også på *vårt*.

Diktarfjellet Onen reiser seg strengt og høgt til ei påminning om årstidene, om liv og død, om vårt liv i dag:

*Du bur under bergfall.
Og du veit det.
Men du sår din åker
og trør trygt i ditt tun
og let dine born leika
og legg deg
som inkje var.*

Her kjem kråka siglande i hauststormen

*i djerne bogar
yver svarte skogtoppar
som styvingen
i sitt fyrste rus.
Vinterdagen er oss nær, skarpt sansa:
Fuglekongen skjek ned snjo,
og hesten mimrar med rimut mule.
Veden rengjer ut klaka flesk,
og frosten et upp øksehoggi.*

Eplehagen er ikkje landskapspynt for fotografen, men diktarens kvardag: Greiner kan brytast av snøtyngd, frosten kan ta siste epleslumpen; det er hans sut at noko skal forkomast.

Denne ytre kvardagen gjev dikta si realistiske sanning og sin særdom. Men han blir òg eit bilete på diktarens indre verd. Han

kjenner seg sjølv som «eit stormknekt tre»,
«ein rotskadd apal» eller ei «skredbjørk ...
knudrut og krøkt og svart i riset». Men det
finst ingen sjølvmedynk i dette. Han ser sin
eigen situasjon med bister humor:

*Er du i ætt med finntoppen,
greider du deg lengst.
Flisgul og grøn i skjegget,
sint og seig som fan;
ingenting bit på deg
- og ingen vil ha deg!*

I «På Ørnetuva» står eit liknande dikt om
«Hoggestabben» og eit om «Sagbukken»
som òg har drag av sjølvidentifikasjon og
samstundes det store vengefang.

Dei få kjærleiksdikt som finst i Hauges
bøker, har stundom den same karske skjemt,
eller dei kan vera fylte av tunglyndet til den
som kjenner seg utanfor – men utan å klage:

*Ho svara ikkje - men vende deg ryggen
– og gjekk.
Og vinden og skyene, ja endåtil havet
vende deg
myrknande ryggen; steinane i strondi
dukka,
kvar strå, kvar bylgje jaga
imot ei onnor strond.*

Mennesket står einsamt i Hauges dik-
ting. Det leitar seg fram i tvil og von om
«kontakt». Men det er djupe avgrunnar i
mennesket, og menneske imellom, med
ukjende botnstraumar:

*Ordi fall
Som søkkje
frå kvar si båtri,pe,
med open sjø imellom.
Fyrst etterpå merka han
at dei hadde fløkt seg saman
i djupet ein stad,
der straumane saug*

*yver løynske tangskogar
og bråe stup –*

Undringa over det ukjende og dragnaden til
halvmørket kjem fram i dei motiv han vel:
piggsvinet ved kjelda, grønska ved nedfjøra
sjø

*(Vårsjø)
grønt grott i ei onnor verd
Med rotatev av gyrm og dysk
Av botn og sleip stein
Og tangfløkje krabbande upp
or svarte djup.*

Vårsola og alle dei livgjevande makter vil
ikkje veta av henne. Fyrst i skyminga får
den varme fløyelsborda lov til å lyse fram,
no når gjevaren sjølv, sjøen, har drege seg
stilt attende.

Grønska var «vovi under is». Det er ofte
vinterkulde over Hauges landskap. «Fjelli
.... Stend forherda under snjoen». Fjordisen
speglar «rømder og stjerner», til vinterstor-
men splintrar han.

*Hug, kvar din fred,
dine forset, dine band?
Tunn is
på eit sovande hav.*

I debutboka kan diktaren be om ei tru. Han
gjer det ikkje lenger. I den andre boka si
stig han iallfall ope fram i medvite opprør
og trass:

*Hugsar du då myten
som skygde, brast
og skodda letta frå tind?*

Han vedkjenner seg tanken som stormar
«dei gamle himlar».

*Du var fri – budd
til å bera og blø.
Ikkje gudar men menneske*

*trong di glo.
Dei vilde du elska og gjeva
di kraft, ditt mod.
Du var blind. Lyfte
di hand mot Gud!
Men det var då
du fylgde hans bud.*

Ein høyrer ofte tale om «flatbotna» rasjonalisme. Få adjektiv høver dårlegare på den form for rasjonalisme som Hauge vedkjenner seg. Han vil ikkje berre ha innsyn, kunnskap, men oppleving òg – «den store opplevingi». Men han blir ikkje nærgåande; oppleving er ikkje noko kjensleskvalp i hans munn. Den store opplevinga krev avstand – rømder av glans ikring seg – som ei heilag stjerne. Eg torer ikkje kalla denne innstillinga religiøs, men iallfall er ho nærskyld. Ho er ikkje diktert av redsle for opplevinga eller sanninga, men av age. Sjølv må han følgje vegen til endes, kvar han så ber av:

*Dette er din veg.
Berre du
skal gå han. Og det
er uråd å snu.
Og ikkje vardar du vegen
du hell.
Og vind stryk ut ditt far
i aude fjell.*

Ikkje i blind drift for vind og ver og lag-nad, men driven av ein uslökkjande trong til ny sannkjenning. Tanken spinn seg liksom kongroa i tråden sin ned i svarte elvejuvet, og kjenner vågnaden. For

*.... har tråden
fyrst slitna ein gong,
vert du aldri trygg meir;
for slitet
og angest-skriket
då du fall
sit stødt i deg,*

*og seint heilast
slitet i hugen.*

Tittelen til den siste boka har Hauge henta frå nokre liner i «Skirnesmål» som han har valt til motto:

*Ara þúfo á
skaltu ár sitia,
horfa heime ór,
snugga heliar til.*

*På Ørnetuva
du årle skal sitja
nakken mot Mannheim,
nasen mot Hel.*

Lågare er ikkje prisen. Ein kjem til å minnast både Draumkvedeskalden og Dante. Og likevel er Hauge ein heilt annan. I diktet «Steinsprang» sprengjer fjellet ut stein med drepande fall. Vend til fjellet heiter det:

*Sjølv stakk du hovudet
upp i det blå, kjøler panna
i stride, kalde vindar
og plistrar.*

Heile diktet er eit mektig naturbilete, henta frå diktarens eige lende. Og fjellet sjølv er som dikteren – og mennesket: farleg, stolt, trassig.

I Hauges verd står mannen einsam under naken himmel, og samstundes bunden av maktene. Ingen kan si folloge fly.

*Stutt eller lang
kan taumen seg ringa –
ongulen ber alle
krøkt i bringa*

Har fyrst slike syner opna seg framfor ein, kan det føre til mangt, til religiøs overgjeving eller til livsflukt, til resignasjon eller protest. Hauge godtek dei kampvilkår livet

byd, men det er inga passiv form for resignasjon. Det er kamp til siste slutt med lagnaden, «til baa stupar i gravi ned».

Det finst ein viss slektskap mellom Tor Jonsson og Olav H. Hauge; men mykje nærare står han Ragnvald Skrede. Liksom hos han synest *viljen* vera den høgste eigenskap hos det sjåande mennesket, og sjølv teiknet på menneskeverd. Hos Hauge er det som kreftene brytst i sjølv stoffet med ei nesten eruptiv kraft. Han skriv ikkje om atomkrefter; dei er i diktet, i stål, i is, og openberrar seg som natur og ånd. Knappe liner om ei øks blir eit drama om menneskesinn. Kva rømer vel ikkje «Stålfjori» i siste boka! Og slik i dikt etter dikt. Elv og hav er liv og død. Sjølv driv han med båt i elveosen.

*Eg veit eg ein bråblenk voggar
på livsens gâtesjo.*

Løysing finst det kanskje ikkje i livet hans, men meining. Livsgjeringa hans, diktinga, gjev meining til livsens harde kår.

*No syng det atter ifrå mi hugdjups elv,
og vindblik kjem ifrå svale nattland,
og draumblå tindar speglar seg
i andre sjøar.*

*Men kva er mine ord?
Stormkrøkt skog
imot nord,
fjellgrindar
mot dags
herjande
eld.*

Dette korte oversynet kan gje inntrykk av ei dikting med strenge drag. Men det er ikkje alt. Hos Hauge sameinest strenge og mjuke drag. Han som har dikta om det ein-same, stormslegne mennesket, veit òg kva menneskeleg samliv er. Det kjem fram i knappe bilete av tomsingen, som bed om

ein tobakksbete, i den vare varmen som arbeidsære og finsemd vekkjer hos han – stundom med nesten mutte ord – og i sansen hans for blomar og born. Det er grovarme kring steinen i heimejorda hans, kornåkeren har så mjukt eit fall i vinden. Himmelen er ikkje berre ein veldig og hard kvelv der månesigden ritar med hard nagl.

*Himmelens rimute augnebryn
heng fulle av stjerner.*

Denne grunnen av stein og grjot, av streng natur, og lagnad, gjev desse mjuke draga ein forunderleg rikdom. Det er ei mannsleg røyst som talar, men med varm klangbotn. Det kan koma fram til eit brått vende, i ei sluttline, eller roleg avrunda som i den fine sonetten han har skrive til eit Astrupbilete, der kveldsskyming og måneskin på vatn, lys vårnatt og signa såmannsgjering får lov til roleg å renne saman. Eller det er eit møte med revebjølla og brakekallen med stav i hand, på leitet i kveldsvinden, på heimveg frå slått eller flytt? Dikt som desse har ein intimitet så intens at han knapt kunne skapast utan i dette sterke grannelaget av manns vilje og veldig natur.

Her er lite sagt om dei reint kunstnarlege kvalitetane i Huges dikting. Berre nokre ord skal seiast om diktforma: Somme har vilja hevda at Hauge, som bruker stendig skiftande versformer, er formelt usikker. Etter mi meining er det utan grunn. Mangt av det som kan bryte med «reglane», har god meining i sin kunstnarlege samanheng. Stundom kan han kanskje drive sine kunstferdige enjambement altfor langt. Men det heng truleg saman med den sterke dragnaden han har til naturleg tale. Just han som kan gje diktet så stram ei form, så skarphoggen og rytmask fast, med sitt lange båredrag, har sans for ein «poetisk realisme» der poesien liksom gror opp or nakne steinen, der den grå kvardagen nesten vanvares blir til

den mjukaste lyriske stemning eller får eit drag av mektig tragisk eller etisk patos utan ein gong å bli hól. Og inn i dette vev det seg ein humor så letthendt og fin at mange slett ikkje vil merka han. Olav H. Hauge er i mangt eit sistedestykke til Olav Duun – på vers.

Det er sjeldan at ein lyrikar når sine største høgder i så mogen alder som Olav H. Hauge. Men til denne tid har diktinga hans

vore i stendig vokster. Ein har ei kjensle av at han kan hende fyrst no kjenner sitt eige vengefang, og vågar seg til for fullt. Det var freistande å ta fram dei største adjektiv her; men ein hegdar seg framfor ein diktar med Olav H. Hagues dimensjonar og med hans kresne sans for ordet.

Bjarte Birkeland

KVA SKAL ME MED POESI?



- Me treng draumar, tvil og tru, det metafysiske, det vakre. (Foto: Sjur Tjelmeland)

På årsmøtet i Venelaget Olav H. Hauge den 10. september var ein epoke slutt for Randi Jåstad. Då gjekk ho av etter fire interessante og travle år i styret i laget, dei to siste åra som leiar.

Randi er oppteken av poesi og litteratur. Fram til ho vart pensjonist var ho lektor på Øystese gymnas og underviste i norsk, engelsk og spansk. I undervisninga har ho arbeidd mykje med Olav H. Hauge sine dikt.

- Ungdomane liker dikta. Sjølv om dei ikkje alltid skjønar alle orda, så har dei utbyte av å lesa Hauge-dikt.

Ho vart tidleg kjend med poeten frå Ulvik ved å lesa dikta hans. I 1978 eller der omkring var ho og to andre på besøk hjå Hauge i Ulvik.

- Eg kjende ikkje mannen personleg, men har alltid vore begeistra for dikta hans. Me gjorde visst ikkje noko sterkt inntrykk på han, me er ikkje nemnde i dagboka, skrattar ho.
- Kva er det som gjer Olav H. Hauge sine dikt interessante?
- Han skriv om eksistensielle spørsmål, i eit språk med vestnorske særtrekk. Då blir diktinga hans spesielt nær. Tematikken er allmenn, frå det universelle til det nære, det vestlandske og hardingrøtene, seier Randi, som sjølv er harding frå Sørkjorden i Ullensvang.
- I ungdommen hørde eg han lesa opp, hans eiga stemme gav dikta ein ekstra dimensjon. Å lesa eit godt dikt er som å syga på ein drops, smaken er der når du les og varer ei stund etterpå. Eg trur ein stor del av vår generasjon som er glad i poesi er farga av at Olav H. Hauge var så lett tilgjengeleg etter gjennombrøtet hans på 1960-talet. Då vart han ofte invitert til å lesa opp, og det lesande publikum vart for alvor merksam på denne særmerkte diktaren innantil fjorden. Me kunne ikkje unngå å bli interesserte i han, me som kom herifrå.

Randi Jåstad kjenner godt til det miljøet Olav H. Hauge skildrar og hentar materialet til diktinga frå. Hauge var gartnar og fruktdyrkar og hadde dette arbeidet som levebrød. Sjøfjorden er eit av dei fremste fruktdistrikta i landet. Der grorsøte plommer og pærer, nydelege moreller og fargerike og velsmakande eple. Ho vart tidleg kjend med årssyklusen og arbeidsgangen i faget. Då blir symbol og bilete frå Olav H. Hauge sitt kvardagsliv og dikting både nære og kjære. Vekslinga mellom det konkrete arbeidet med hendene i frukthagen, og mellom skriving og lesing av filosofi, begge delar er nok viktige i Olav H. Hauge si dikting, og i livet hans.

- Vegen din inn i venelaget?
- Eg har vore medlem lenge, kanskje heilt frå starten. Eg hugsar ikkje heilt nøyaktig. Interesse for diktinga gjorde at eg melde meg inn. Då var det viktigaste føremålet med laget å arbeida for å få oppretta ein institusjon som skulle ta vare på og fremja kunnskapen og interessa for dikteren frå Ulvik. I 2014 opna Haugesenteret i Ulvik, og laget var i mål med den viktigaste oppgåva si. Då gjekk diskusjonen om laget skulle leggjast ned eller ikkje. Kva anna kunne laget ta fatt på? Det enda med at årsmøtet vedtok at laget skulle vera eit supplement til Haugesenteret og stå for det folkelege engasjementet. I vedtektene i paragraf 2 står det at føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.

Haugesenteret si oppgåve er å vera eit dokumentasjons- og formidlingssenter for Olav H. Hauge og lyrikk i mange former. Venelaget synest det ville vera bra om dei to kunne samarbeida om å fremja interessa for Olav H. Hauge sitt liv og dikting.

Randi Jåstad vart styreleiar i venelaget i 2014 og hadde vervet i to år. Ho har gjort ein stor innsats for laget.

Hovudoppgåva for venelaget dei siste åra har vore å skipa til arrangement med

kunstnarlege program med tilknytning til Olav H. Hauge sin poesi og den litterære skatten han lét etter seg. Innhaldet i programma er opplesing, deklamasjon, song og musikk. Tanken er å gje folk ei oppleving av den djuptpløyande, men likevel kvardagsnære diktinga til Olav H. Hauge. Laget har hatt arrangement under Poesifestivalen i Ulvik og elles fleire andre stader på Vestlandet.

Minst to gonger i året kjem venelagsheftet ut. Det blir sendt til alle medlemene i laget. Der skriv både fagfolk og lekfolk, tanken er å presentera oversiktlege artiklar som skal når ut til medlemene over heile landet.

Det er nødvendig å følgja med tida, også for dei som vil formidla det tradisjonelle og rotfaste. Noja, Olav H. Hauge grov seg slett ikkje ned i gammalt tankegods, han kan karakteriserast som modernist i noko av diktinga si, og i dagbøkene var han sterkt oppteken av samtida.

- Det er mykje ugjort med å ta i bruk sosiale media i kommunikasjonen med medlemene i laget og ikkje minst med alle dei tusenvis andre som er interesserte i Olav H. Hauge si dikting. Ved å samarbeida med Haugesenteret, trur eg det er råd å få gjort ein god del. Her er ei oppgåve for det nye styret.
- I mi tid har laget samarbeidd med andre om arrangement, med lyrikklaget på Voss og mållag fleire stader der me har hatt arrangement. I Bergen har arrangementa vore på Litteraturhuset. Det har vore enkelt å samarbeida med dei profesjonelle kreftene der. På Litteraturhuset er det gode folk som kan sine ting, og det er lett for andre å vera med den institusjonen på tilskippingar. Medlemene i det avtroppande styret kom frå Hordaland. I det nye styret er det med folk også frå Austlandet, og då burde det vera lettare å få til noko også andre stader enn på Vestlandet, meiner Randi Jåstad.
- Det er ein god del arbeid med arrangement,

mange menneske er involverte, og det er mykje å tenkja på, så det er nødvendig at folk er villige til å ta eit tak, legg ho til.

- Kva vil du at venelaget skal vera?
- Kunne det vera med på å spreia glede og kunnskap om diktinga til Olav H. Hauge og slå eit slag for folkeopplysning og glede over å lesa god litteratur, ville det vera flott, seier ho.
- Det følgjer ei indre glede med å høyra eller lesa gode dikt. I diktinga til Olav H. Hauge er det stor spennvidde, mellom kvardagen og dei store tankane.
- I dagbøkene finn me anslag til dikt, det ser ut til at han har kome på ein idé og noterer den i dagboka, og så blir det litt etter litt utvikla til eit ferdig dikt. Dagbok og dikt heng saman.

Eit døme er det vesle diktet *Vers*:
Kan du gjera eit vers
som ein bonde tykkjer mun i,
skal du vera fornøgd.
Ein smed vert du aldri klok på.
Verst å gjera til lags er ein snikkar.

Olav H. Hauge bruker naturen i diktinga si, fjell og planter får menneskelege eigenskapar, like eins kvardagens enkle reiskapar, som sleggja, saga og ljåen.

- Kva vil han seia oss?
- Oi, det var eit stort spørsmål. Eg veit ikkje, eg veit berre at eg finn trøyst og glede og visdom i dikta.
- Og kva meir skulle du be om!

Hauge var verdsman, han var oppteken av det universelle, og knytte det lokale til den store verda. Fjell og blommar, med sine lokale namn, er sette inn i ein samanheng som gjer dei større enn seg sjølve. Kanskje det er difor han er lesen i store delar av verda? All stor dikting må ha noko for det nære og det universelle. Mennesket er oppteke av det same, anten ein bur her eller der i verda.

- Det finst mange Hauge-dikt eg ikkje

skjønar heilt, men det er kjekt å lesa dei likevel, kjekt å grunda på ord og uttrykk. Ein treng ikkje forstå alt for å ha glede av eit dikt.

- Kva skal me med poesi?
- Ja, sei det. Livet vert for snevert viss me berre skal tenkja på dei primære og sekundære behova våre. Me treng draumar, tvil og tru, det metafysiske, det vakre. Eg trur det er nødvendig for eit rikt liv, me treng noko som får tankane til å sviva, noko som stimulerer kjenslelivet. Musikk og lyrikk talar til hjarta. Me vart fattige viss me berre skulle konsentrera oss om det som er «nødvendig». Heldigvis bur me på ein stad i verda der me kan bruka tid på meir enn å halda oss i live.
- Når me har eit materialistisk levestett, er det ekstra viktig at me ikkje gløymer den åndelege kunstdimensjonen. Den er ikkje alltid til nytte, men er likevel nødvendig.

Randi Jåstad er glad for at Hugesenteret er kome godt i gang og ikkje minst for Poesifestivalen. Den er blitt den viktigaste lyrikkhendinga i landet. Ikkje minst er det folket i Ulvik å takka. Dei har fått eit eigarforhold til festivalen og deltek med stor iver i dugnadsarbeidet.

Det er viktig å ta vare på det folkelege engasjementet og inspirera folk til å delta i arrangementa med praktisk hjelp. Ho er glad for at venelaget får lov til å ha ein programpost i festivalen. Samarbeidet i 2016 fungerte godt.

- Har det vore travelt?
- Ja, i alle fall ein god del å gjera. I periodar har det vore travelt med førebuing til arrangement og når venelagsheftet skulle planleggjast og gjerast ferdig. Men det har vore kjekt òg, ikkje minst sidan resten av styret har vore så flinke. Venelagsarbeidet har vore tufta på dugnad, eg hadde ikkje klart noko særleg åleine.
- Og så er det er gjevande å ha kontakt med mange interesserte menneske.

Det har vore mykje arbeid med å halda orden på medlemslista, betaling, adresseendring når folk flyttar m.m.

Mykje arbeid, ja, men og meningsfullt å halda på med. Å laga til arrangement er kjekt og spennande; kjem det folk? Klaffar avviklinga av programmet slik me har tenkt? Har me gløymt noko?

Randi Jåstad har ikkje tenkt å setja seg til ro i gyngestolen med eit spôt i månadene som kjem. Ho har teke på seg å vera redaktør for

årboka til Kvam sogelag; *Gamalt frå Kvam*. Den kjem ut ein gong i året og skal formidla leseglede og kunnskap om små og store hendingar i Kvam, kommunen der ho bur.

Og så bur ho på eit småbruk. Der dyrkar dei frukt, plommer og eple på ekte hardingvis. Arbeid med hendene og med tanken, det er ein god kombinasjon. Spør dikteren, han veit det.

Sjur Tjelmeland

DEN GONG FRUKTTREA HADDE SJEL

Olav H. Hauge var fruktdyrkar i Ulvik. I tidlegare tider fekk frukttrea veksa seg store. Eit tre kunne verta høgare enn husa og lata mjuke greier sopa over hustaket. Dei som skulle hausta frukta, måtte koma til treet, heilt til dei høgaste toppane. Der hang ofte finaste frukta.

Hauge var glad i store frukttre og skriv i dagboka 24. mai 1992: «Sol heile veka. Og varmt. No sprett aplane og. Men blømingi i Harang er ikkje det ho var; dei store trei er burte, det var dei som viste att, og desse nye dverg-plantningane er ikkje mykje å sjå.»

Magne Velure plukka frukt i ungdomen. Han har skrive denne vakre skildringa av innhaustinga. Slik kan Olav H. Hauge òg ha opplevd arbeidet i frukthagen.

Kvar gong eg kjem til Hardanger og ser dei store frukthagane i Sør fjorden, vert eg imponert over korleis næringahar utvikla seg frå barne- og ungdomstida mi. Dei snorrette geledda med frukttre vitnar om effektiv drift, der stell og innhausting skal kunna utførast på ein enkel måte. Samstundes får dei stramme rekkjene av frukttre meg til å tenkja på nord-koreanske militærparadar; alle trea like store, alle med same uttrykket, osande av ekstrem effektivitet. Då tenkjer eg attende på dei gamle, store frukttrea som voks i hagane i Lofthus-bygda i barndomen min. Dei var store og ruvande. Kwart tre

hadde sine kjennemerke, var som eigne individ å rekna, og somme av dei hadde eigne namn. Eg vert meir og meir sikker på at desse store trea hadde sjel.

Ta til dømes Turkestovetreet på Egilsbruket. Det var eit ypparleg kjøttmorelltre; det bar godt kvart år. Varmen frå skifertaket på turkestova gjorde at morellene var tidlege, og tidlege moreller var godt for fruktdyrkaren. Det gav god pris. Eg hugsar godt at den fyrste arbeidsdagen min som hentar fekk eg prøva meg i dette treet. Me skulle sortera morellene i stigen, dvs. kasta dei dårlege og leggja dei gode i laupen. Det var fint vêr og hentinga gjekk lett. Då arbeidsdagen var slutt, hadde eg henta ni kassar à 8 kilo. Arbeidskameraten min, ein vaksen bygdegut, hadde henta 11 kassar. Me var i grunnen litt imponerte begge to. Det var nok den einaste gongen eg henta so mange kassar moreller på éin arbeidsdag. Det var berre eitt turkestovetre.

På Nybrot, det vesle stykket til besten og besto, hadde me eit stort morelltre av sorten Wederske, eller «verders» som lokalnemninga var. Treet var ruvande og godt å klatra i. Straks bæra rodna i toppen på treet, klatra eg opp. Eg hadde i grunnen ikkje lov til å eta so mykje direkte frå trea. Morellene skulle hentast og seljast. Dei gav litt ekstra pengar som skulle gå til å bygga nytt hus på Nybrot. Men det vart likevel

mange stunder i toppen på «verders»-treet, der eg kunne sitja og sjå på folk som gjekk og sykla forbi på vegen, utan at dei fekk auga på meg. Herleg fridom med søte moreller i munnen!

Desse store tre-individa utfordra oss hentarane på mange måtar. Me måtte læra oss korleis me skulle «angripa» kvart av dei store trea med lange trestigar når dei skulle hentast. Me såg oss ut greinene der me kunne støtta opp stigane utan at det var fårleg. Det var viktig å setja stigen slik at me kunne nå mest mogeleg frå kvart stigeoppsett. Mange stader måtte me staga opp stigane, dvs. me sette eit jarnspett i jorda, der me festa eitt tau som heldt stigen på plass i treet. Far lærte meg å festa meg i stigen med føtene slik at eg kunne plukka, eller pitla som me sa, med begge hendene. Og so måtte me læra oss å balansera høge stigar, der me skulle flytta dei rundt trea. I dag trengst det berre små gardintrepper. Ingen lærer å balansera høge stigar lenger.

I bløminga var dei store trea massive blomeberg med ein ange som kunne få nokon kvar til å verta ørne. Epleblomen var den beste i so måte. Somme stader langs gamlevegen mellom Lofthus og Ernes kunne trea danna reine tunellar av blømande epletre. Berre tenk deg seine vårkveldar då svermande ungdom gjekk i denne blomeangen, rusa både på blomeduft og seg sjølve. Somme gonger tenkte dei nok på framtida som ei bløming i Hardanger. Eg er sikker på at dei store trea smilte lurt gjennom blomeprakten medan dei tenkte sitt. Dei var nok mest opptekne av at om nokre månader var det haustingstid. God bløming gav ofte bod om rik frukthøst.

Magne Velure

Publisert fyrste gongen 22. juli 2016
i bloggen Jakobs bok:

www.jakobvelure.no

OLAV H. HAUGE OG VALEN

«Eg kom i strid med maktene, men eg makta ikkje med dei», skriv Olav H. Hauge i dagboka sin. Med denne bakgrunnen og gjennom psykisk sjukdom og som pasient på Valen sjukehus var det slett ikkje sjølvsagt at han skulle bli ein av våre fremste lyrikarar.

Hauge må ha vore ein av Valen sjukehus sine suksesspasientar. Han var innlagd på Valen seks gonger, første gongen i 1934, og utskriven siste gongen i mars 1961.

Femten år gammal vart han alvorleg sjuk. Mest heile livet seinare streva han med sjukdom på lekam og sinn. Det ser ut til å vera eit samanfall mellom sjukdomen og skrivinga. Fem år gjekk mellom kvar gong, og han vart sjuk medan han arbeidde med å gjera ferdig dei fire første diktsamlingane sine.

I forordet til dagbøkene er Atle Kittang inne på at samanfallet mellom bokutgjevingar og sjukdomsperiodar kanskje heng

saman med at den tidlege fasen i sjukdomen sette i gang ein kreativ impuls som intensiverte skrivinga. Som bokutgjevingane kom sjukdomen med om lag fem års mellomrom.

- Første gongen han kom her, var han svært sjuk. I periodar stelte eg han som eit spedbarn, fortalde ein pleiar på Valen meg.

Hauge gav aldri opp. Han er eit godt døme på at mennesket rår over større krefter enn me er klar over. Sjølv den som ligg så langt nede som eit menneske kan koma, kan greia å reisa seg att. Det gjorde Olav H. Hauge; ikkje berre det, han er ein av våre mest lesne og folkekjære poetar. Dikta hans er omsette til over 20 språk, og tekstane er lesne i store delar av verda.

Han er eineståande i verda i bruken av språklege bilete i dikta. Bileta er henta frå kvardagslivet. Dei er så konkrete og enkle



Sengebygg frå 1910 på Valen. (Foto: Sjur Tjelmeland)

som dei kan vera. Når dei har passert Olav H. Hauge sitt diktarsinn, står dei fram som djup livsvisdom.

Denne mannen som lei vondt store delar av livet, makta likevel å nå inn til dei uvanlege evnene sine, og han var sta og trassig nok til å dyrka diktekunsten. Då han i godt vaksen alder opplevde suksessen som omtykt poet, streva han framleis med livet, han trudde ikkje han hadde noko å fara med som diktar, og han kjende seg som eit mislukka menneske.

Kva er det verkelege livet? kan me undrast på. Kan det vera dei gråe kvardagane med sitt strev og si møde, eller er det dei indre opplevingane me kan finna i kunst, i kjærleik, i venskap – eller er det draumen om noko anna? Olav H. Hauge levde heile livet i lag med bøkene sine. Han las kvar dag, ikkje kiosklitteratur, men bøker av dei store diktarane og filosofane frå store delar av verda.

For Olav H. Hauge var draumen ein del av det verkelege livet. «... *eg har gjort rett. Mitt liv var draum, leva tenkte eg ikkje på – eller våga ikkje.*» (Dagboka 5. mai 1982.)

I diktet *Draum og røynd* skildrar han si eiga oppleving av livet:

Draum og røynd

*Eg ottast verdi, ho er kald,
her kling det jarn og stål,*

*og som ein tenar var eg tald,
til røysti frå ein einsleg skald
slo gjennom larm og skrål.*

*Ein drøymar sett i ståk og jag,
ubudd til storm og strid,
er hjelpelaus i livsens slag
og dømd til blodig nederlag
fyr han til slutt er fri.*

*Kvar stend det skrive, kven har sagt
at denne røyndi her,
som nådelaus med grådig makt
har bunde oss og stødt held vakt,
meir enn ein draum er verd?*

*Drøym draumen din, lev livet rikt!
Og kva som mest er sant:
ein spikar eller seg eit dikt,
det kan vel verta ser um likt,
set frå den rette kant.*

Han seier det rett ut: Det rikaste livet lever me nettopp i draumen.

Hauge var glad for at han fekk vere i fred med sjukdom og dei opplevingar og draumar som følgde med i den første perioden på Valen:

*«Eitt veit eg, og det er det, at eg var
heppen som fekk halda på dei 4 åri på
Neevengaarden og Valen utan å verta
«kurert», for sjokkbehandling og alle desse
tablettane dei no bruker, var ikkje tekne i
bruk då. Eg fekk dikta og drøyma, sjå syner,*

uppleve ekstase dag etter dag, år etter år, utan at nokon gjorde meg noko.

Um eg vart sperra inne eller bunden - som eg ofte var - gjorde ingenting. Ekstasen, synene, draumane, røystene, nådde meg like godt der. Eg syntest aldri det var leidd å vera bunden eller innesperra i einesella, og skal aldri klaga yver noko.»

Ved seinare innleggingar fekk han fleire gonger sjokkbehandling, og uttrykkjer glede over at han ikkje vart «sjokka» ved siste opphaldet i 1960. «Tablettane legg i alle fall ikkje det indre livet svart», skriv han.

Hauge tok til å skrive dagbok som 18-åring, og la pennen ned ti dagar før han døydde. Han skreiv ikkje i dagboka i dei fem åra han var innlagd på Valen, men seinare han har skrive ein god del om tida på Valen og ser tilbake på desse åra.

Han hadde innsikt i eigen situasjon. Sjølv meinte han at han lei av schizofreni, fagfolk har seinare karakterisert sjukdomen som paranoid psykotisk, eventuelt med innslag av schizo-affektiv lidning, ein kombinasjon av det manisk-depressive og vrangførestillingar.

Særlig i 1960-åra inneheld dagbøkene mange refleksjonar over hendingar og erfaringar i samband med innleggingane på Valen. I mars 1961 kom han heim etter om lag tre månader på Valen. Det hadde ikkje vore bra, skriv han.

«Eg merka eller hugsar ikkje noko um elektrisk sjokk, men difor kan eg ha fenge det. Mykje tablettar, noko dei kallar Truxal har eg brukt; kva det skal vere godt for, veit eg ikkje».

Hauge skriv sjeldan om Valen i dikta sine, men i «Kornåker» finst eit lite bilete som syner dei stillare stundene.

Kornåkeren

Eit gamalt tresnitt av Tower Bridge og eit oljetrykk av ein kornåker.

Andre bilete er der ikkje på avdeling D. Tower Bridge med sotute tårn yver elvi. Men det er den kornåkeren eg ser. Eit gylle hav av korn.

Han er ikkje som andre åkrar. Er det alle drøymaraugo som har flutt han inn i sin himmel?

Ein haustblå, mild himmel utan skurdfolk og ljå.

I dagboka si skriv han om eigen sjukdom 23. november 1960 og om draumane:

«Eg trur soleis at det er uheldig å rjuka på ein galen mann og sjokka han, i alle fall burde han få fred. For doktorane veit lite om kva herlege syner og draumar slike folk kan gå i, og det er trist å verta burtriven frå dei. Slike syner og ekstatiske syner har nemleg ein oppfriskande og styrkjande verknad på heile mennesket, ja, dei kan verta ei kjelde til sæle og løynd glede heile livet, sjølv um du vert sokalla normal eller frisk att. (Merk Schopenhauers utsegn um Irrsinn).»

Han skriv med respekt og beundring om venene på Valen sjukehus 10. desember 1960. Det er ei dramatisk skildring, eg ser for meg ein teaterscene med dirrande stemning i lufta.

«Dei talar um diktarar i desse dagar. Dei største diktarane eg veit om gjekk på D på Valen då eg var der dei fire åri fyrste gongen. Make til menn!

Stormeisteren var Hansen, han hadde sine faste vegar øvst i hagen. Hans faste plass var midt på langbordet. Han styrde alt, såg alt, visste alt, røysti hans og tankane hans nådde til kvar einaste når spelet var som sterkast. Kvar på sin plass, kvar si rolle, heile D var som eit stort kor som lydde dirigenten.

Strømme var og ein stor profet. Espen var og ein stor førar. Med ei fille vavd om høgre hand, gjekk han på plass på do nedst i garden. Den veldige høge kjempekaren peika og gav signal. Røysti hans var hås,

nesten uhøyrleg, for han var døvstum. Han var ein stor sjef. Difor stod han alltid når me åt, og styrde matslaget. Han sat aldri ved bordet. Pål var og ein stor sjef, når han brått stod der og peika. Danielsen, den gamle sjømannen, var og ein hovding, alltid på plass ved vindauga, banna og preika. Stundom song han so sårt. Den vesle japanaren var ein. Eg gløymer han aldri.

Å høyra til dei og vera ein av dei, som eg ei tid gjorde, gjorde meg byrg og sæl. Å svika dei og gå synest eg var det uslaste eg hadde gjort. Eg kjende dei att andre gongen eg kom på D, det var sju år etter, dei kjende meg att, tykte eg, og eg kjende dei. Seinare kjende eg meg ikkje att, dei var sjokka og sume opererte og vortne ein flokk sljoe, tjukke idiotar.»

Eit typisk trekk ved dei som er deprimerte, er at dei ser ingen verdi i seg sjølve eller det dei held på med. Hugen er still og gjerandslaus. Dei kjenner seg mang ein gong til overs. Dei lever i ei mørk verd, er tiltakslause, ser ingen meining i tilværet og tykkjer ofte det ville vore best for dei sjølve og folk rundt dei at dei forlét verda.

I 1960 vart han for alvor oppdaga av eliten innan litteraturen som stadig venta på nye dikt, men dikteren trudde ikkje på at han hadde noko å fara med. Dette er ei skildring av korleis han ser på seg sjølv:

«Du skal ikkje tru at du er noko til kar for det um dei skryter av deg inni Oslo... Ein har det best så lenge ein fer leva ukjend og soleis at ingen legg noko særleg merke til ein. Då har ein fred, og kan pusla med det som synest, ja, endåtil dikta litt, det kan vera mon i det», skriv han i dagboka.

All viraken blir i meste laget for han. Manuskriptet til ei ny bok kastar han i omnen. I desember 1960 ber det til Valen for 6. gong på 35 år. Rett over nyttår er han så pass at han kan vera med på litt arbeid på avdelinga. Han vaskar golv og strikkar på arbeidsstova. Etter halvannen månad kan

han skrivast ut frå Valen, og det for siste gong. Men han strevar framleis med livet.

27. mai 1961 noterer han: *«Langt nede. Det er merkjeleg kor tyngd og skralt eg er. Nei, denne siste turen på Valen, frå 1. des. 1960 til 10. mars 1961 var ikkje bra.»*

Når han er sjuk, omtalar han seg stundom som den andre mannen:

«I diktet «Skriket» har Uppdal sagt noko um den andre mannen i oss. Eg kjenner godt den andre mannen, men eg har ikkje late han tala. For det er gut som kan tala det. Han trivlar ikkje etter ordi. Alt er absolutt og avgjort, for han veit, som Dante visste. Uppdal let honom sleppa til stundom, ja, ofte, og det er gut som har syner og dikt. Eg har vore altfor redd.»

Hardanger Ungdomslag hadde stemne i Ulvik sommaren 1963 og inviterte Hauge til å lesa dikt. Han gruer seg til å stå framfor eit publikum:

«Når skal desse skuggane slutta å styra deg? Redsla for skammi, folkefliren, er det noko å bry seg om? So likesæl med heile kvelden, uppleyingi og folki, har eg aldri vore. Kvifor? Fordi sorgi heldt meg i si myrke hand, det eg skulle gjera der i salen var berre småting og inkjevetta».

I september 1965 fortel han i dagboka om korleis sjukdomen kjem:

«Det tek til med diking, eg kjem i gang. Det gjeng godt ein 14 dagar eller so. Som regel gløymer eg å eta noko større, og det vert smått med svevnen. So vert eg liggjande i feberdraumar, eksaltasjon, ein slags trance. Syner, ville tankar, til slutt trur eg mine eigne innbillingar. .. Den reale verdi eksisterer ikkje lenger. Miverderheiltmytisk og trolsk, det er ikkje rette ordet, poetisk er for veikt, det er ikkje det, irrasjonell er ho nok, men alt lyder overjordiske lover. Å kalla desse minni fram er nok råd, men det er farleg og skræmeleg. Trance er eit for veikt ord, ekstase er og for veikt for desse tilstandar.»

Våren 1966, medan han arbeidde med diktsamlinga «*Dråpar i austavind*», kjempa han nok ein gong ein hard kamp mot vanvitet. Han står imot og blir ikkje lagd inn, men skjønar seinare at det burde vore gjort. 10. juli skriv han i dagboka:

«Eg gjeng ut i frå at det var i midten av mai at eg fekk desse anfalli og var burte i mi eiga verd. Det er um lag 5 år sidan sist, mot jol i 1960 og utyver vinteren i 1961, då eg var på Valen sist. Det ser ut til å gå 5 år millom kvar bya. Alltid det same!

... Det hende mange ting her. Eg knuste eikestolen, slo sund lampeskjermar av hardt porselen med knyttnevane. Til all lukke skar eg meg ikkje sund. Men handi var felt troti etterpå. Raserianfall, utfall mot fiendar og vener. Sov i potetkjellaren for stråler, straumen var sterk. Fælt sterk, Åndene, levande og døde, tala og viste seg. Og maten? På slump.»

I 1968 hadde Olav H. Hauge nådd ein nærast kultstatus innan litteraturen. Han oppsummerer livet slik: «*Snart 60 år! Eit eremitt-liv! Eit elendigare, fatigare liv kan ikkje tenkjast. Og likevel: Sume dagar har vore høge, - i andre menns tankar og syner. Eit fatigare liv, men eit liv i von likevel. Utan kan ingen leva. Byrja no? Kvifor ikkje, imot all natur Imot alle lover? Kvifor ikkje? Her gjeng alt umsnutt.*»

Her er eit dikt om Valen. Kinas dør var døra eller luka der maten kom til avdelinga. Det har ikkje noko med Maos Kina å gjera, slik somme radikale likte å tru.

*Ved Kinas dør
De spør om eg kjenner Kina?
Ja, spør de, berre spør.
Eg som i årevis venta
utanfor Kinas dør.*

*For døri ho var gul ho,
det var derifrå brødskiva kom.
Eg veit eg stend høgt i Kina.
Og skuffa var aldri tom.*

Diktet viser ein pasient med respekt for sjukehuset: Han veit han vart teken vel vare på. På Valen var det aldri nokon som sa at no får det vera nok galskap, du får klara deg sjølv. Der møtte han eit endelaust tolmod.

Olav H. Hauge har skrive vakkert om den gode draumen, men viser og ei anna og sann side av livet: Einsemda. Kjensla av å vera åleine i verda er og noko som rir mange deprimerte. Mange av dei trekkjer seg tilbake frå samvær med andre menneske, det er lett å tru at dei ikkje ønskjer selskap, men i mange tilfelle er det heller slik at dei er redde for å verta avviste og dreg seg unna. Olav H. Hauge skildrar den lidinga einsemda er, så det gjer vondt gjennom merg og bein.

Det er kaldt i store hus

Det er kaldt i store hus.

*Eg merkar det um hausten,
når dei fyrste flingror av snø tek til å falla
og marki hardnar under kulden.
Då er ho stor og aud, mi einsemd,
og gisi under taket,
og hoggi gnell i frosen skog.
Min skog er skog
i hennar skog,
mitt fjell er fjell i hennar fjell,
og dagen er ein ljoskeglett
i hennar natt.*

*Dei fåe menneske og dyr eg møter,
som puslar litt i gråljaset med bar og kvist
og set sine far i rimet,
er skuggeskrimsel i hennar draum.*

Kva hjelper det med stort hus når det er saknet etter liv og medmenneske som plagar deg?

Han kjende livsstriden på kropp og sjel, men han kjende og styrken og samhaldet mellom dei som bar børnene, dei som måtte tola meir enn dei fleste. Eg trur han hadde med seg noko av denne lærdomen frå Valen. Livet er ingen dans på roser.

Alle har me noko å bera.

Sjur Tjelmeland

OM "DET ER DEN DRAUMEN" av Idar Stegane

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje –
at tidi skal opna seg,
at hjarta skal opna seg,
at dører skal opna seg,
at berget skal opna seg,
at kjeldor skal springa –
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.

Å slå fast kva som er Noregs beste dikt, lèt seg ikkje gjere. Drøftinga og kåringa av Olav H. Hauges "Det er den draumen" (1966) har likevel gitt dette og mange andre dikt merksemd, også frå folk som ikkje les så mykje slikt. Og det er bra.

Diktet er bygt på ein måte som ikkje er heilt vanleg. Dei elleve linjene utgjer ein grammatisk periode med ni tillagde atsetningar som igjen er delte ved hjelp av to tankestrekar, slik at linje 2 til 3 og 7 til 8 *omsluttar* dei fem linjene i midten, ein såkalla *kiastisk* struktur. Desse setningane heng også saman *anaforisk*, ei etter hi gjennom oppattakinga av konjunksjonen "at" og verbforma "skal" – med verbforma "må" som eit halvt unntak i linje 3.

Subjektet i diktet er det inkluderande "me", ope for oss alle. Objekt til dette er "den draumen"; me ber på ein draum om at det skal skje noko vedunderleg, og styrken i draumen aukar frå "skal" til "må" (3. linja). Så vert dette spesifisert i dei fem indre linjene. "Tidi", "hjarta", "dører", "berget" "skal opna seg", og "kjeldor skal springa", som også føreset at noko opnar seg, opningar i grunnen. Ordet "tid" (1. 4) kan inkludere

samanhengane og vilkåra vi lever i og under, "hjarta" går på kjensler, opne mot andre sine kjensler, dører skal opne seg for oss og av oss. Linja "at berget skal opna seg" (sjå artikkel i Venelagsheftet desember 2012!) gjer oss kanskje litt usikre som lesarar. Men i eventyr- og folkevisetradisjonen er det berg som både opnar og stengjer seg. Ei ung prinsesse blir røva inn, og ein ung mann med gode hjelparar undervegs får berget til å opne seg og trollet til å sleppe rovet sitt, for så å dra heim til kongen både med prinsessa og gull og glimesteinar som i berget var.

Slik har dei fem midtlinjene sagt noko nærare om sider ved det vedunderlege, og så blir dette samla saman att i "at draumen skal opna seg". Og så får vi det vedunderlege omtala i den *vedunderlege* sluttmetaforen "at me ei morgonstund" – framfor ein ny og ubrukt dag – "skal glida inn / på ein våg me ikkje har visst um."

Uttrykket "glida inn" er brukt i ein annan stad hos Hauge, i diktet "Svevn" (1980), der to skal "glida inn" i svevnen og koma ut att "um morgonen / tvo gylne kveitekakor". Her òg er det uttrykt ynske om "at noko vedunderleg skal skje". Det kan vere erotisk, men i så fall del av noko endå meir omfattande; ei omskaping, ein metamorfose som skal gjelde heile tilværet. Diktet kan då lesast som kritisk mot rovdrift, krig, miljøureining; verda må bergast, "det må skje –".

Draumemotiv finst elles mange stader hos Hauge, mest i dikt før "Det er den draumen". Vi kan til dømes tenkje på "Gartnaren drøymmer", "Gullhanen" og "Til eit Astrup-bilete".

FRÅ DAGBOKA

28.11.1961

Brev frå overlege Lunde. Han har lese boki mi og let vel. Det er den beste boki di, segjer han. Ja, kunde eg lita på det so! Han vil skriva ei melding seinare, skriv han. No, No. Til å ha vore i skule på det gamle Valen, synest eg det er dårleg gjort, den boki.

27. november 1959

Det skal mod til å skriva ei retteleg skral bok, og han gjer nytte han som gjer det. Mine ungdomsdikt? Spør vinden, spør stjernene! Dei var ikkje ord, ikkje tonar, men finare enn det draumar er gjorde av. No lagar eg dikt – av ord.

5. januar 1960

Akt på draumane! Ein gut som ikkje hadde draumar, vart leidd fram for Harald Hårfagre for at han skulde lækja honom, so guten fekk draumar. Dette syner korleis dei gamle såg på det, dagleglivet var berre ein del av medvitet, like so viktig var draume-livet, det akta dei vel på.

16. januar 1960

Ein klassikar. Ein klassikar er ikkje vanskeleg. Han er som edel vin; klår og utgjengen.

18. august 1960

Det finst enno skjemtegaukar til. Det stod ein plakat på ein telefonstolpe nede på Brakanes her ein dag, stolpen stend nett innum kyrkjegards-gjerdet, fram mot vegen. Skotpremie! stod der. Underskrivne, det var fullt namn under, lova post mortem, å betala den som skaut han kr. 1,50 i premie. Som post scriptum – desse latinske ordlagi var nytta, kanskje for å visa at mannen er ein bok-klok mann – stod at ved nærare ettertanke sette han premien til kr 2,-.

Eg hørde seinare at denne mannen, som stundom tok seg ein styrkedrikk for mykje, var komen i trette med grannen om noko høns som gjekk lause og at han var meld til lensmannen. So kom han altso domen i forkjøpet.

23. november 1961

Dei siste dagane har eg lese *Hulda Garborg* av professor Johs. A. Dale, som han var gild å senda meg. Ei greid, velskrivi bok. Slik er det med dei som arbeider. Ho gjorde det, Hulda Garborg. Det er utruleg kva sume folk kan rekkja! Men ho hadde vel ikkje makta det ho gjorde, um ikkje ho hadde Garborgs store, grunnfesta namn til stød. Dei arbeidde godt, desse tvo, for den norske sak.

9.12.1961

Skrede melde boki på onsdag, 6 des. i Dagbladet. Ei svært god melding. Enno har eg ikkje set meldingi til Rasmussen.

12.12.1961

Eg lyt fortelja nytt. I går kveld ringde forlagssjef Øyvind Dybvad i Noregs Boklag. Han fortalde at *På Ørnetuva* hadde fenge Norsk Kritikerforenings pris for 1961. Sjå der! Ho greide seg, den vesle boki likevel. Han vilde eg skulde koma til Oslo til torsdag, då utdelingi skulde går for seg. Fjernsyn nemnde han, og slike nye greidor. Eg sa nei med same. Han bad meg skriva nokre ord, so han hadde noko å segja ved høvet. I kveld ringde han att.

Formannen i styret, Magli Elster, hadde sagt at eg laut koma. Eg tok uppatt at eg ikkje vilde ta på den lange reisi på denne tidi. Ho hadde vist spurt om eg ikkje brydde meg um prisen. Eg svara at eg gjorde det, eg tykte det var ein stor ære, men ta på den lange reisi kunde eg ikkje. Han svara ikkje noko på det. Visst er eg takksam, men det høver ikkje for ein arbeidsmann å møta fram på slike stader.

19. desember 1961

Laurdag kom Geirr Tveitt her frå kringkastingi i Bergen og eg las litt, og me prata litt i hop.

Sundag kom han att, tidleg um morgonen, eg las nokre dikt og me rødde litt om den siste boki mi. So fylgde eg kringkastingsfolki ned på hotellet og var der um dagen. Dei arbeidde med eit brudlaupsprogram, som skal gå yver riksnettet ein gong i vinter...

Det var hyggeleg å møta Geirr Tveitt, det er harding og verdsborgar.

Elles litt uroleg no. Det vert so at ein kjem ut or kvardagslaget, når slikt kjem på. Eg lydte på det me tok upp i går i dag frå Bergen. Eg las ikkje godt, men pratet høyrdest bra kvardagsleg ut. Nei, ein skulde ikkje lesa når ein ikkje har butt seg, og serskilt ikkje når ein er uppspila og nervøs.

Nyttårsaftan 1961

Tider og skikkar vende.

Men Vassfjøre stende!

Fin-fint føre, og mykje snjo.

6.1.1962

Skrive brev til Knut Hauge. Vaska golv. Elles tok eg fyre meg siste heftet av «Vinduet» og las um den nye litteraturen. Ja, Stig Carlsson hadde eg då til dels set fyrr. Eg segjer ingenting. Men so mykje skynar eg at ein arbeidsmann skulde ikkje blanda seg burti slike høge ting, men lat dei lærde stella med dei. Du vart vist åt skrapkassen ja.

15.1.1962

Nanna Ebbing skriv i Haugesunds Dagblad um meg. «Han kjende all verdens lyrikk,» stend det. Ho har aldri vore her. Dei snakkar um å gjera ei fjør til fem høns!

16.1.1962

Skrive brev til Inger Hagerup, og sendt henne ei bok med takk og helsing. Ho tok imot kritikarprisen for meg ved tilstellingi i Presseklubben 14 desember, og las det brevet eg hadde skrivi og bar fram takk frå meg til laget.

So skulde eg vera ferdig med dei plikter som fylgde med mottakingi av prisen. Eg skreiv til Inger Hagerup at eg hadde slept ifrå meg sume vers for tidleg. So, lat no dette vera godt!

OVER 4600 PÅ POESIFESTIVAL



Berit Opheim. (Foto: Steinar Bergo)

Ulvik poesifestival er ikkje som andre litteraturfestivalar. Her slepp uhøvla, folkelege innslag til, skriv Ronny Spaans i *Dag og Tid*.

4 675 opplevde lyrikk i mange former under Ulvik poesifestival i Olav H. Hauges

heimbygd midt i september. Poesifestivalen løfta fram mangfaldet i lyrikken og tok heile bygda i bruk med 30 programpostar på ulike arenaer. Heile 24 poetar las lyrikk og deltok i litterære samtalar, står det på Haugesenteret si heimeside.

Olav H. Hauge var vend mot den store verda. Døme på det er opplesing av islendingen Gyrdir Eliasson og danske Pia Tafdrup. Diktaren var og oppteken av musikk, særleg folkemusikk. Komponisten og hardingen Geirr Tveitt kjem han mange gonger inn på i dagboka si. Unge og lovande folkemusikarar tok del i festivalen, som Mari Skeie Ljones på hardingfele og kvedaren Kirsten Bråten Berg.

Venelaget Olav H. Hauge hadde sitt eige arrangement laurdag ettermiddag 10. september i det flotte ungdomshuset Elvatun. Song, trø lett på hjarta mitt, heitte programmet. Det vart ei vakker og var framsyning i ord og tonar med Berit Opheim, Sigbjørn Apeland og Erlend Nødtvedt. Det kom fullt hus, og vel så det. Amboltprisen vart delt ut på denne tilskippinga.

HAUGESENTERET I ULVIK

Haugesenteret er eit dokumentasjons- og formidlingssenter for Olav H. Hauge sitt liv og verk, og eit senter for lyrikk i mange former. Hauge-senteret er det første lyrikksenteret i landet og det einaste litterære museet for denne litterære sjangeren. Eit langsiktig mål er å gjere Haugesenteret.no til den viktigaste nettstaden for lyrikk.

Basisutstillinga *Indre syn, ytre blick* utgjør 145 m² i seks store og små rom over to etasjar. Utstillinga fortel om Olav H. Hauges liv og verk, viser lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser

med lyrikkbibliotek og lyrikkverkstad. I 2. etasje er 60 % av boksamlinga etter Olav H. Hauge utstilt. Hauge-senteret forvaltar denne boksamlinga etter avtale med Olav H. Hauge-stiftinga.

Haugesenteret produserer temautstillingar, gjennomfører eit breitt kulturprogram om kunst og songlyrikk, driv Ulvik poesifestival, nettstaden *Haugesenteret.no* og eigen museumsbutikk, og utviklar elevprogram i og utanfor Den kulturelle skulesekken.

Viktige strategiske grep er opne

arrangement om lag ein gong i månaden. Kvar sesong skal det vere minst eitt forfattarmøte, eitt musikkarrangement og eitt familiearrangement...

Hauge-senteret samarbeider også med

Venelaget Olav H. Hauge og Olav H. Hauge-stiftinga, som begge har mykje av æra for at Hauge-senteret no er realisert.

(*Frå årsmeldinga frå Nynorsk kultur-sentrum 2015*).

SENTRALBANKSJEFENS TALE I 2008 OG OLAV H. HAUGE

Tidlegare sentralbanksjef Svein Gjedrem fletta ved fleire høve inn lyrikk i talane sine. I 2008-talen starta han med omtale av Wergeland og 200-årsjubileet for hans fødsel. For heile talen, sjå www.norges-bank.no/pages/65720/arstale_2008.pdf.

Det var og jubileum for Olav H. Hauge dette året (100 år sidan han vart fødd) og i avslutninga på talen vender Gjedrem seg til Olav H. Hauge.

Gjedrem avsluttar med:

Når andre land ser på oss, vil de kanskje være enige med vår andre store dikterjubilant av året, Olav H. Hauge, som skrev at "sjølvkjensla veks med bankboki".⁷

Vi har hatt stor økonomisk fremgang de siste 10–15 årene. Det ligger kanskje en advarsel fra Hauge i et av hans dikt. La meg få lese:

"Gleda vart for stor,
kjelen held på og syd yver,

eine vektarmen peikar til himmels!
Eg lyt finna på noko gale,
Slå kaldt vatn på kjelen,
Hengja ein stein på vekti,
Hogga den største fura eg har."⁸

Takk for at dere ville høre på!

Fotnoter i talen:

⁷ Hentet fra Olav H. Hauge (2002):

"Lagnaden gjer mange til heltar.
Aforismar i utval", Det Norske
Samlaget.

⁸ Hentet fra Olav. H. Hauge (1988):

"Mange års røynsle med pil og boge -
99 dikt av Olav H. Hauge", Det Norske
Samlaget.

Aforismane er vel henta frå dagboka,
medan det siste diktet var kalla «Eg lyt
finna på noko gale» når det vart trykt i
Janglestrå 1980.

Olav Ljones

ÅRSMØTE I VENELAGET OLAV H. HAUGE

10.9. 2016 I ULVIK

Til stades: Styret og 19 andre røysteføre.

1. Innkallinga og saklista vart godkjende.
2. Som ordstyrar vart vald Randi Jåstad.
Referent vart Torbjørg Austrud.
Oddmund Hus og Arne Skjerven vart valde til å skriva under referatet.
3. Årsmelding 2014–2016: Årsmeldinga vart godkjend. Det vart kommentert at styret har fått til gode arrangement og innhaldsrike nummer av venelagsheftet.
4. Rekneskap 2014 – 2016: Kassarar Anders Kristoffer Oppheim gjekk gjennom hovudpunkta i rekneskapen. Kassararen berømma styret for ryddig og godt utført arbeid i høve økonomien. Revisor har vore Olav Bergo.

Rekneskapen vart godkjend utan merknader.
5. Innkomne saker:
Framlegg frå Unni Solem Bilsbak og Teresa Wallevik om å endra rolla til Venelaget i samband med at vi har fått eit Hauge-senter. Eit framlegg med utgreiing var sendt ut i lag med innkallinga til årsmøtet.
Framlegg til vedtak frå Unni Solem Bilsbak og Theresa Wallevik:

1. Venelaget Olav H Hauge inngår eit tettare samarbeid med Haguesenteret i komande periode. Venelaget held fast på namnet.
2. Det nye styret får mandat til i perioden 2016 – 2018 å arbeide med ei tettare tilknytning til Haguesenteret, i dialog med leiar der. Dei legg resultatet fram for neste årsmøte i 2018.
3. Det nye styret får i oppgåve å laga framlegg til naudsynte endringar av vedtektene til neste årsmøte i 2018.

Det kom eit alternativt framlegg frå Randi Jåstad:

Årsmøtet ber styret vidareutvikla samarbeidet med Haguesenteret innanfor dei vedtektene vi har i dag.

Lars Meling kom med eit tillegg til Randi Jåstad sitt framlegg i eit nytt pkt. 2:

Styret får i oppgåve å leggja fram ei vurdering av kva for oppgaver samarbeidet kan innebera.

Det vart vidare sett fram eit punkt 3:

Resultatet skal leggjast fram på neste årsmøte.

Det vart ein diskusjon kring saka. Unni trekte sitt framlegg etter desse tilleggga.

Følgjande framlegg vart samrøystes vedteke:

1. Årsmøtet ber styret vidareutvikla samarbeidet med Hauge-senteret innanfor dei vedtektene vi har i dag.
2. Styret får i oppgåve å leggja fram ei vurdering av kva for oppgaver samarbeidet kan innebera.
3. Resultatet skal leggjast fram på neste årsmøte.
6. Valnemnda la fram sine framlegg til nye tillitsvalde i Venelaget.
Framlegg til ny leiar: Olav Ljones

Framlegg til styremedlemmer:

Magne Velure
Marit Hafting
Sjur Tjelmeland
Astrid Kløve-Graue

Vararepresentantar:

Grete Skarpeid
Torbjørg Austrud
Leiar og styremedlemmer samrøystes valde.

Anders Kristoffer Oppheim har sagt seg villig til å halda fram som kassarar.

Sameleis har Olav Bergo sagt seg villig til å vera revisor.

Styret la fram framlegg til ny valnemnd og Amboltpris-nemnd:

Ny valnemnd:

Eivind Bergo

Sveinung Time

Aslaug Nyrnes

Vara: Arna Vik Misje

Amboltprisnemnda

Idar Stegane

Audun Lødemel

Øystein Hide


Randi Jåstad

Vala vart gjort med akklamasjon.

Det gamle styret vart takka av med gåver, like så valnemnda.

Referent: Torbjørg Austrud

Ulvik, 12.9. 2016



Styret i Venelaget Olav H. Hauge 2016–2018

- Leiar: Olav Ljones
- Styremedlem: Magne Velure
- Styremedlem: Marit Hafting
- Styremedlem: Sjur Tjelmeland
- Styremedlem: Astrid Kløve-Graue
- Varamedlem: Grete Skarpeid
- Varamedlem: Torbjørg Austrud
- Kasserar: Anders Kristoffer Oppheim

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: post@venelagethauge.no eller ola-lj@online.no

Medlemspengar, kr. 250 betaler du til konto 3450 30 01960

v/kasserar Anders Kristoffer Oppheim. Hugs avsendarnamn!

Redaktør for medlemsheftet:
Sjur Tjelmeland

